



## Møteprotokoll

---

<b>Utval</b>	Formannskapet, Plan og økonomi
<b>Møtestad</b>	Heradsstyresalen
<b>Dato</b>	08.06.2023
<b>Tidspunkt</b>	kl 12:00 - 16:00

---

### Frammøtte

Hans-Erik Ringkjøb	Ap
Hilde Marie Magnusson	Ap
Iiril Kirstine Schau Johansen	H
Sveinung Klyve	Mdg
Annlaug Haugse Såkvitne	Sp
Samson Hamre	Sp
Sigbjørn Hauge	Sp
Tonje Såkvitne	Sp
Arnfinn Gjerdåker	Sv

### Parti

### Andre som møtte

Arild McClellan Steine  
Arvid Tore Sandnes  
Attila Eserman  
Berit Marie Galaaen  
Björg Lirhus Ree  
Björg Nesheim  
Elin Klette  
Elisabeth Lillegraven  
Frode Monsen  
Gullborg Osgjerd Rekve  
Ingvild Engen Bogetvedt  
Johnny Skjerping  
Kjersti Næss Finne  
Ksenia Perervus  
Mette Matthiessen  
Nils Helge Kvamme  
Perline Dugstad Vivås  
Signe Stoll  
Tor Helmer Halvorsen  
Trude Letnes

### Stilling

Rådmann  
  
Leiar Plan  
Veg  
  
Spesialkonsulent Innbyggjarservice  
Leiar Prosjekt og Utvikling  
Leiar kommunalavdeling oppvekst  
Fagstab helse og omsorg  
Avdelingsleiar  
  
Økonomirådgjevar  
Stabssjef HR og innovasjon  
Rådgjevar  
Konsulent  
  
Stabssjef Innbyggjarservice  
Leiar kommunalavdeling kultur og fritid

Protokollfører:  
Elin Klette

Inhabil	Sak	Varamedlem	Merknad
Iiril Kirstine Schau Johansen	64/23	,	
Hilde Marie Magnusson	69/23	Björg Djukastein, Ap	

### Møtenotat

Formannskapet var på synfaring før møtestart.

Björg Djukastein, Ap vara for Annlaug Hauge Sø Søkvitne tom sak 61/23

Iiril S. Johansen kom kl 12.06

Hans-Erik Ringkjøb  
Ordfører

## Sakliste

<b>Sak nr</b>	<b>Sakstittel</b>
IM-05/23	Informasjon til møte i Formannskapet, plan og økonomi 8. juni 2023
PS-53/23	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
PS-54/23	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
PS-55/23	Tertialrapport 1. tertial 2023
PS-56/23	Årsmelding og årsrekneskap 2022
PS-57/23	Årsrekneskap og årsmelding 2022 for Vossabadet og Voss idrettshall KF
PS-58/23	Retningsgjevande økonomiplan 2024-2027
PS-59/23	Søknad om medlemskap i Bergen og omland friluftsråd
PS-60/23	Detaljreguleringsplan for Lundarvegen 21 - planid 2022001 - godkjenning av plan
PS-61/23	Detaljreguleringsplan for Tyrlingen bustadfelt - søknad om oppstart
PS-62/23	Detaljreguleringsplan for gamle Voss husflidskule - planid 2014009 - mindre endring
PS-63/23	Utbyggingsavtale mellom Voss herad og Husflidsskolen AS
PS-64/23	Områdereguleringsplan for Bømoen, planid 2023003 - høyring og offentlig ettersyn
PS-65/23	VossaROS 2023
PS-66/23	Flaumhandtering Vossavassdraget_ vegen vidare
PS-67/23	Samlesak for delegerte saker
PS-68/23	Detaljreguleringsplan for del av Haugo, gbnr 193/2 - søknad om oppstart
PS-69/23	Samfinansiering ny Bavallsveg

## 05/23 Informasjon til møte i Formannskapet, plan og økonomi 8. juni 2023

### Informasjon og agenda:

Kallar med dette inn til møte i Formannskapet, plan og økonomi 8. juni 2023 kl. 12.00 i heradsstyresalen på Tinghuset.

Vara vert kalla inn til møte ved forfall. Lovleg forfall vert å melde [politisk.voss@voss.herad.no](mailto:politisk.voss@voss.herad.no) eller tlf. 97676520.

### Kommune-TV

Møtet vert vist på Kommune-tv. Tilhøyrarar kan følgja sendinga på; <https://voss.kommunetv.no/>

### Agenda:

Tema	Ansvarleg	Tid
Møtet er sett	Ordførar	12.00 - 12.10
Tertialrapport 1. tertial 2023, retningsgivande økonomiplan 2024-2027, årsmelding og årsrekneskap 2022		12.10 - 12.45
Sakshandsaming	Ordførar	12.45 -15.45
Generell informasjon frå ordførar og rådmann	Ordførar og Rådmann	15.45 - 16.00

### Voss 26. mai 2023

Hans-Erik Ringkjøb  
Ordførar

### Formannskapet, Plan og økonomi 08.06.2023

#### Handsaming

Informasjon frå rådmannen:

Framdrift barnehage i Granvin.

Status brakka ved Fleischer hotell.

Spørsmål om bruk av biblioteket, notat ligg ved presentasjonar for FPL.

Betaling i kulturskulen.

Brev til Skyss om busstilbod frå Hardanger, felles uttale i lag med Ulvik og Eidfjord.

### FPL - 05/23 Vedtak

## **53/23 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

**Formannskapet, Plan og økonomi 08.06.2023**

### **Handsaming**

Samrøystes vedteke.

### **FPL - 53/23 Vedtak**

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

## **54/23 Godkjenning av protokoll frå forrige møte**

Protokoll frå forrige møte vert godkjent slik den ligg føre.

**Formannskapet, Plan og økonomi 08.06.2023**

### **Handsaming**

Samrøystes vedteke.

### **FPL - 54/23 Vedtak**

Protokoll frå forrige møte vert godkjent slik den ligg føre.

## **55/23 Tertialrapport 1. tertial 2023**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Voss heradsstyre tek rapport for 1. tertial 2023 til orientering.

Budsjettendringar vert vedteke i samsvar med rådmannen sitt framlegg til budsjettjusteringar i punkta 1.0, 1.1 og 1.2 i rapporten som ligg som vedlegg.

**Handsaming**

Samrøystes vedteke.

**FPL - 55/23 Vedtak**

Voss heradsstyre tek rapport for 1. tertial 2023 til orientering.

Budsjettendringar vert vedteke i samsvar med rådmannen sitt framlegg til budsjettjusteringar i punkta 1.0, 1.1 og 1.2 i rapporten som ligg som vedlegg.

Saksordførar: Tonje Såkvitne

**56/23 Årsmelding og årsrekneskap 2022**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Voss heradsstyre vedtek årsmelding og årsrekneskap for Voss herad 2022.

**Handsaming**

Samrøystes vedteke.

**FPL - 56/23 Vedtak**

Voss heradsstyre vedtek årsmelding og årsrekneskap for Voss herad 2022.

Saksordførar: Samson Hamre

**57/23 Årsrekneskap og årsmelding 2022 for Vossabadet og Voss idrettshall KF**

**Føretaket sitt framlegg til vedtak:**

1. Voss heradsstyre vedtek årsrekneskap og årsmelding for Vossabadet og Voss Idrettshall KF.

## **Formannskapet, Plan og økonomi 08.06.2023**

### **Handsaming**

Samrøystes vedteke.

### **FPL - 57/23 Vedtak**

1. Voss heradsstyre vedtek årsrekneskap og årsmelding for Vossabadet og Voss Idrettshall KF.

Saksordfører: Hilde Magnusson

## **58/23 Retningsgjevande økonomiplan 2024-2027**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

I samsvar med vedlagte dokument vedtek Voss heradsstyre Økonomiplan for 2024-2027. Planen skal vera retningsgjevande for vidare arbeid med årsbudsjett for 2024 og endeleg økonomiplan som vert vedteke i desember 2023.

### **Vedtak som innstilling frå Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne, 05.06.2023 - 14/23**

I samsvar med vedlagte dokument vedtek Voss heradsstyre Økonomiplan for 2024-2027. Planen skal vera retningsgjevande for vidare arbeid med årsbudsjett for 2024 og endeleg økonomiplan som vert vedteke i desember 2023.

Rådet har desse kommentarane:

Side 76-77: Er TryggEst innført, eller skal det innførast? Uklår formulering.

Positivt at bustadsosial handlingsplan er nemnt i høve eigedom. Det er positivt dersom prosjekt som Leige til Eige vert realisert.

Positivt at Voss tek del i "Helt med"-prosjektet, og at økonomiplanen nemner CRPD, respekt for forskjeller og mogelegheiter, og mogelegheit for aktiv deltaking for menneske med nedsett funksjonsevne.

### **Vedtak som innstilling frå Eldrerådet, 05.06.2023 - 19/23**

I samsvar med vedlagte dokument vedtek Voss heradsstyre Økonomiplan for 2024-2027. Planen skal vera retningsgjevande for vidare arbeid med årsbudsjett for 2024 og endeleg økonomiplan som vert vedteke i desember 2023.

Tilleggspunkt frå Eldrerådet:

1. Voss Eldreråd er svært uroa for dei komande åra når det gjeld eldrepolitikken i Voss herad. I den Retningsgjevande økonomiplanen for 2024 - 2027, for områda Helse og Omsorg er det skrive om dei driftsvanskane som ein har no, men og mykje bra om korleis ein ynskjer å betra tjenestene for dei eldre og andre som treng hjelp og støtte.

Men når ein ser på tala i planen, så er det urå og skjønna korleis ein skal makta å gjennomføra dei tiltaka om er ynskjeleg. Det kan bli utfordrande nok å oppretthalda noverande driftsnivå. Samanlikna med rekneskap 2022 er det ein klar reduksjon i løyvinga til Helse og omsorg dei første åra, ikkje før 2027 er det ein liten auke i forhold til 2022.

Me har no ein kraftig pris og lønnsvekst, og i tillegg skal gjennomføra oppgradering / ombygging av sjukeheim, få nok tilsette i helse og omsorg, slik at ein framleis kan levera gode og trygge tjenester til alle.

Skal ein få dette til, må ein auka løyvingane betydelig i denne planperioden.

Dette er og blir heradet sitt ansvar.

At frivilligheita kan og vil hjelpa til er flott, og dei driv alt no mange stader tiltak som skapar aktivitet og glede for mange, både eldre og unge.

2. Eldrerådet stør opp om tiltaket "Ei dør inn", etter modell frå Øygarden kommune, for å sikra heimebuande eldre kort veg til hjelp og tjenester.

### **Vedtak som innstilling frå Ungdomsrådet, 05.06.2023 - 12/23**

Ungdomsrådet tar planen til vitande. Ingen kommentarar.

### **Eldrerådet 05.06.2023**

#### **Handsaming**

Tilleggsforslag, foreslått av Gunnar Lussand,

Voss Eldreråd er svært uroa for dei komande år når det gjeld eldrepolitikken i Voss herad.

I den Retningsgjevande økonomiplan for 2024 - 2027, for områda Helse og Omsorg er det skrive om dei driftsvanskane som ein har no, men og mykje bra om korleis ein ynskjer å betra tjenestene for dei eldre og andre som treng hjelp og støtte.

Men når ein ser på tala i planen, så er det urå og skjønna korleis ein skal makta å gjennomføra dei tiltaka om er ynskjeleg. Det kan bli utfordrande nok å oppretthalda noverande driftsnivå. Samanlikna med rekneskap 2022 er det ein klar reduksjon i løyvinga til Helse og omsorg dei første åra, ikkje før 2027 er det ein liten auke i forhold til 2022.

Me har no ein kraftig pris og lønnsvekst, og i tillegg skal gjennomføra oppgradering / ombygging av sjukeheim, få nok tilsette i helse og omsorg, slik at ein framleis kan levera gode og trygge tjenester til alle.

Skal ein få dette til, må ein auka løyvingane betydelig i denne planperiode.

Dette er og blir heradet sitt ansvar.

At frivilligheita kan og vil hjelpa til er flott, og dei driv alt no mange stader tiltak som skapar aktivitet og glede for mange, både eldre og unge.



Tilleggsforslag, foreslått av Iril Kirstine Schau Johansen, Høgre

Eldrerådet stør opp om tiltaket "Ei dør inn", etter modell frå Øygarden kommune, for å sikra heimebuande eldre kort veg til hjelp og tjenester.

Gunnar Lussand fremma eit forslag til tilleggspunkt til økonomiplan, eldrerådet røysta over framlegget. Samrøystes vedteke.

Iril Schau Johansen fremma forslag til tilleggspunkt til økonomiplan, eldrerådet røysta over framlegget. Samrøystes vedteke.

Eldrerådet røysta over rådmann sit framlegg. Samrøystes vedteke.

### **ELD - 19/23 Vedtak**

I samsvar med vedlagte dokument vedtek Voss heradsstyre Økonomiplan for 2024-2027. Planen skal vera retningsgjevande for vidare arbeid med årsbudsjett for 2024 og endeleg økonomiplan som vert vedteke i desember 2023.

Tilleggspunkt frå Eldrerådet:

1. Voss Eldreråd er svært uroa for dei komande åra når det gjeld eldrepolitikken i Voss herad.

I den Retningsgjevande økonomiplanen for 2024 - 2027, for områda Helse og Omsorg er det skrivne om dei driftsvanskane som ein har no, men og mykje bra om korleis ein ynskjer å betra tjenestene for dei eldre og andre som treng hjelp og støtte.

Men når ein ser på tala i planen, så er det urå og skjønna korleis ein skal makta å gjennomføra dei tiltaka om er ynskjeleg. Det kan bli utfordrande nok å oppretthalda noverande driftsnivå. Samanlikna med rekneskap 2022 er det ein klar reduksjon i løyvinga til Helse og omsorg dei første åra, ikkje før 2027 er det ein liten auke i forhold til 2022.

Me har no ein kraftig pris og lønnsvekst, og i tillegg skal gjennomføra oppgradering / ombygging av sjukeheim, få nok tilsette i helse og omsorg, slik at ein framleis kan levera gode og trygge tjenester til alle.

Skal ein få dette til, må ein auka løyvingane betydelig i denne planperioden.

Dette er og blir heradet sitt ansvar.

At frivilligheita kan og vil hjelpa til er flott, og dei driv alt no mange stader tiltak som skapar aktivitet og glede for mange, både eldre og unge.

2. Eldrerådet stør opp om tiltaket "Ei dør inn", etter modell frå Øygarden kommune, for å sikra heimebuande eldre kort veg til hjelp og tjenester.

## **Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne 05.06.2023**

### **Handsaming**

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, foreslått av Bridget Penny, Raudt

I samsvar med vedlagte dokument vedtek Voss heradsstyre Økonomiplan for 2024-2027. Planen skal vera retningsgjevande for vidare arbeid med årsbudsjett for 2024 og endeleg økonomiplan som vert vedteke i desember 2023.

Rådet har desse kommentarane:

Side 76-77: Er TryggEst innført, eller skal det innførast? Uklår formulering.

Positivt at bustadsosial handlingsplan er nemnt i høve eigedom. Det er positivt dersom prosjekt som Leige til Eige vert realisert.

Positivt at Voss tek del i "Helt med"-prosjektet, og at økonomiplanen nemner CRPD, respekt for forskjeller og mogelegheiter, og mogelegheit for aktiv deltaking for menneske med nedsett funksjonsevne.

Samrøystes vedteke

### **KRMNF - 14/23 Vedtak**

I samsvar med vedlagte dokument vedtek Voss heradsstyre Økonomiplan for 2024-2027. Planen skal vera retningsgjevande for vidare arbeid med årsbudsjett for 2024 og endeleg økonomiplan som vert vedteke i desember 2023.

Rådet har desse kommentarane:

Side 76-77: Er TryggEst innført, eller skal det innførast? Uklår formulering.

Positivt at bustadsosial handlingsplan er nemnt i høve eigedom. Det er positivt dersom prosjekt som Leige til Eige vert realisert.

Positivt at Voss tek del i "Helt med"-prosjektet, og at økonomiplanen nemner CRPD, respekt for forskjeller og mogelegheiter, og mogelegheit for aktiv deltaking for menneske med nedsett funksjonsevne.

## **Ungdomsrådet 05.06.2023**

### **Handsaming**

Liv Myklebust visar til rekneskap frå 2022 og oppsummerer økonomiplanen for ungdomsrådet. Fleire sommarjobbar for ungdom er med i økonomiplanen, vart vedtatt av ungdomsrådet og heradsstyret i 2022.

## UNG - 12/23 Vedtak

Ungdomsrådet tar planen til vitande. Ingen kommentarar.

### Formannskapet, Plan og økonomi 08.06.2023

#### Handsaming

Svar på spørsmål frå Høgre;

#### 1 . Kor mykje har dei ulike avdelingane nytta på konsulenttenester i første tertial i år?

Spørs litt kva ein inkluderer i konsulenttenester. Ser ein vidt på det er stoda slik:

<b>Drift:</b>		
	<b>Rekneskap 1.tertial 2023</b>	<b>Kommentar</b>
Adm og leiing inkl stab	1 449 000	Revisjonstenester, juridiske tenester, forsikring, opplæring frå leverandørar m.m
Finans	235 000	Finansforvalting
Helse og omsorg	294 000	Tenesteutvikling, juridiske tenester, saksomkostningar rettsak m.m
Kultur og fritid	17 000	Diverse
Oppvekst	1 012 000	Kjøp av tiltak, rettleiing og juridiske vurderingar innan barnevern (ca 600000), rettleiing grunnskule, Inn på tunet m.m
Teknisk	2 390 000	Flaumhandtering, jordkarbonprosjekt, forstudier til investeringsprosjekt m.m
	5 397 000	

<b>Investering:</b>		
	<b>Rekneskap 1.tertial 2023</b>	
Oppvekst	12 000	Arkitekttenester
Teknisk	2 327 000	Reguleringsarbeid og prosjektering av investeringar m.m
Sum	2 339 000	

## 2. Kva er vidare planar for den fråflytta fløyen i Tinghuset? Kostnader knytte til at lokala står tomme? Korleis vert lokala evt nytta no?

Tinghus 2 er i full bruk per i dag. Noko av romma er nytta til å utvida møteromskapasiteten på Tinghuset.

2. etasje vert nytta til Digitalisering og IT, IT-stillingar frå helse og omsorg og oppvekst, samt personvernrådgjevar (gamle kontoret til IT skal nyttast som møterom/konferanserom)

1. etasje vert nytta til psykologane, bustadforvaltar, Koordinerande eining og forvaltning

Me har ikkje spesifisert rekneskap som viser kostnader til den delen av bygningskroppen, men tal for heile tinghuskvartalet. Siste heile utleigeår var 2021, og leigetakar betalte då 1,848 mill i husleige (beløpet var uendra ut leigeperioden). Beløpet var delt 50/50 mellom NAV stat og Voss herad, dvs kr 924.000 i årsleige pr stk

Tinghus 3.0 prosjektet vil prioritere å sjå på og byggja om område der servicetorget og arkivet er i dag. Det vil bli utlyst ein mogelegheitstudie som skal svara på korleis man kan nytta det område og kantina betre. Fokus vil være gode arbeidsvilkår for dei tilsette, møteplassar og servicefunksjona for alle, og sambruk utover det. Mottaksarealet (gamle nav) i Tinghus 2 er tiltenkt areal til backstage for Gamlekinoen, men der vil man sjå på mellombels bruk til det er på plass. Målet med prosjektet er å rigga kommunen for morgondagens behov så me saman med innbyggjarane kan løysa framtidens berekraftsutfordringar.

## 3. Kor lang ventetid er det på tryggleiksalarmar? Kva er kostnaden per alarm, i innkjøp og drift? (Viktig tiltak dersom folk skal kunna bu trygt heime).

Frå 1 dag til inntil ein mnd, dei fleste får i god tid før ein mnd.

*Kva er kostnaden per alarm, i innkjøp og drift? (Viktig tiltak dersom folk skal kunna bu trygt heime).*

Me har pr i dag 280 alarmer i bruk (209301 : 280 = kr 748 per tertial)

I tillegg kjem tida ein brukar for oppsett og vedlikehald ( 1-2 timar pr alarm for å setja opp reint fysisk og teknisk oppsett)

Dette er utgifter fyrste tertial 2023

11950	Avgifter, gebyr, lisensar, kontingentar	-76 521	0	76 521
12002	Teknisk utstyr og hjelpemiddel	-7 542	4 420	11 962
12003	IT-utstyr og innkjøp programvare	-5 645	0	5 645
11301	Telefonabonnement	-67 193	47 980	115 173
				209 301

#### 4. Heimetenestene: Korleis er bemanningssituasjonen? Vanskeleg

Er det ventetid for å få tildelt desse tenestene? Nei

#### 5. Kor mange kommunale bustader disponerer heradet? Kor mange av desse er utleigde no?

Me har 335 bustader i Voss herad til utleige.

321 er utleigde no

Dei som er «ute av drift» /venter på avklaring (– Lekvebakken, Bjørgamarka, ++) 9 bustader er under oppussing – 4 av desse er Vetleflaten 2F som vert ombygt til bueiningar.

#### 6. Kor mange sjukepleiarar er tilsette i Voss herad?

67,03 årsverk + 17,37 årsverk spesialsjukepleiarar pr.no

Kor mange ledige sjukepleiarstillingar har heradet ?

11,3 årsverk i fyrste tertial

Kor høgt var sjukefråveret for sjukepleiararane i heradet i første tertial 2023?

13,55 %

#### 7. Kor mange helsefagarbeidarar er tilsette i Voss herad?

63,46 årsverk hjelpepleiarar + 56,07 helsefagarbeidarar = 119,53 årsverk

Kor mange ledige helsearbeidarstillingar har heradet? 26,75 årsverk

Kor høgt var sjukefråveret for helsefagarbeidarane i heradet i første tertial 2023? 13,47%

samla i tabell

1.ste tertial	Tal årsverk		Ledige årsverk	sjukefråvær
Sjukepleiarar	67,03	Sjukepl+spesialsjukpl	11,3	13,55
Spesialsjukepleiarar	17,37			
Helsefagarbeidarar	57,07	Helsefag og hjelpepleiar	26,75	13,47
hjelpepleiararar	63,46			

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteke.

#### **FPL - 58/23 Vedtak**

I samsvar med vedlagte dokument vedtek Voss heradsstyre Økonomiplan for 2024-2027. Planen skal vera retningsgjevande for vidare arbeid med årsbudsjett for 2024 og endeleg økonomiplan som vert vedteke i desember 2023.

#### **59/23 Søknad om medlemskap i Bergen og omland friluftsråd**

##### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Voss herad søker medlemskap i Bergen og Omland Friluftsråd

##### **Vedtak som innstilling frå Utval for kultur og næring, 07.06.2023 - 27/23**

Voss herad søker medlemskap i Bergen og Omland Friluftsråd.

##### **Utval for kultur og næring 07.06.2023**

##### **Handsaming**

Bergen og omland friluftsråd bør koma og informera om organisasjonen til utvalet eller heradsstyret.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **UKN - 27/23 Vedtak**

Voss herad søker medlemskap i Bergen og Omland Friluftsråd.

**Formannskapet, Plan og økonomi 08.06.2023**

### **Handsaming**

Samrøystes vedteke.

### **FPL - 59/23 Vedtak**

Voss herad søker medlemskap i Bergen og Omland Friluftsråd.

Saksordfører: Sveinung Klyve

## **60/23 Detaljreguleringsplan for Lundarvegen 21 - planid 2022001 - godkjenning av plan**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 godkjenner Voss heradsstyre detaljreguleringsplan for Lundarvegen 21, planid 2022001, slik det går fram av plankart, føresegner og planomtale datert 15.05.23, signert Arkoconsult AS.

**Formannskapet, Plan og økonomi 08.06.2023**

### **Handsaming**

Samrøystes vedteke.

### **FPL - 60/23 Vedtak**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 godkjenner Voss heradsstyre detaljreguleringsplan for Lundarvegen 21, planid 2022001, slik det går fram av plankart, føresegner og planomtale datert 15.05.23, signert Arkoconsult AS.

Saksordfører: Arnfinn Gjerdåker

## **61/23 Detaljreguleringsplan for Tyrlingen bustadfelt - søknad om oppstart**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. I medhald av plan- og bygningslova § 12-3 godkjenner FPL oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Tyrlingen bustadfelt.
2. Utbyggingsalternativ 2 skal leggjast til grunn for planarbeidet.

**Formannskapet, Plan og økonomi 08.06.2023**

### **Handsaming**

Samrøystes vedteke

### **FPL - 61/23 Vedtak**

1. I medhald av plan- og bygningslova § 12-3 godkjenner FPL oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Tyrlingen bustadfelt.
2. Utbyggingsalternativ 2 skal leggjast til grunn for planarbeidet.

## **62/23 Detaljreguleringsplan for gamle Voss husflidskule - planid 2014009 - mindre endring**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-14 godkjenner formannskapet, plan og økonomi endring av detaljreguleringsplan for gamle Voss husflidskule - planid 2014009, slik det går fram av plankart og føresegner sist revidert 08.05.2023, signert Mossige AS.

**Formannskapet, Plan og økonomi 08.06.2023**

### **Handsaming**

Samrøystes vedteke.

### **FPL - 62/23 Vedtak**



I medhald av plan- og bygningslova § 12-14 godkjenner formannskap, plan og økonomi endring av detaljreguleringsplan for gamle Voss husflidskule - planid 2014009, slik det går fram av plankart og føresegner sist revidert 08.05.2023, signert Mossige AS.

## **63/23 Utbyggingsavtale mellom Voss herad og Husflidsskulen AS**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Utbyggingsavtale mellom Voss herad og Husflidsskulen AS vert godkjent slik han ligg føre.

**Formannskapet, Plan og økonomi 08.06.2023**

### **Handsaming**

Samrøystes vedteke.

### **FPL - 63/23 Vedtak**

Utbyggingsavtale mellom Voss herad og Husflidsskulen AS vert godkjent slik han ligg føre.

Saksordførar: Sveinung Klyve

## **64/23 Områdereguleringsplan for Bømoen, planid 2023003 - høyring og offentlig ettersyn**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

I medhald av plan og bygningslova § 12-11 vedtek FPL at områdereguleringsplan for Bømoen, planid 2023003, slik det går fram av plankart, føresegner og planomtale datert 16.05.2023, signert 3RW arkitekter as, vert lagt ut til offentlig ettersyn.

Inhabile	Varamedlem	Merknad
Iiril Kirstine Schau Johansen		

**Formannskapet, Plan og økonomi 08.06.2023**

### **Handsaming**

Bømoen, foreslått av Arnfinn Gjerdåker, Sosialistisk venstreparti

Planen vert sendt tilbake og må regulerast i samsvar med kommuneplanen og slik Bømoen med skog og friområde framstår i dag. Regulering i kommunal regi må vurderast.

Føringar frå formannskapet ved utlegging av områdeplanen for Bømoen:, foreslått av Sigbjørn Hauge, Senterpartiet

1. Området nord for flystripa skal tilpassast drift av flyplassen og luftsportsaktivitet.
2. Som prinsipp bør utviklinga av Bømoen basera seg på utvikling av område som allereie er bygd ned, før ein tek nye urørte område.
3. Områda NÆR1 og NÆR2 må vurderast ut av planen for å ivareta luftsportsinteressene, skogen sin støydempende effekt og Voss sitt behov for friområde.
4. Innanfor område KBA7 må det vurderast regulert til aktivitet som er flyplassrelatert.
5. Bømoen flyplass må vera tilrettelagt for helikopterflyging med tanke på beredskap og transportoppdrag.

Iril S. Johansen (H) bad om habilitetsvurdering som flyplass-sjef.

Rådmannen rår til at ho som flyplass-sjef vert funnen ugild etter fvl. §6 andre ledd, "når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet". Formannskapet røysta over gildskapen og finn samrøystes Iril S. Johansen (H), ugild.

Arnfinn Gjerdåker, SV, trekkjer sitt framlegg.

Formannsskapet røysta over Sigbjørn Hauge, Sp, sitt framlegg til føringar frå formannsskapet. Samrøystes vedteke med 8 røyster.

Formannskapet røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak. Samrøystes vedteke med 8 røyster.

#### **FPL - 64/23 Vedtak**

I medhald av plan og bygningslova § 12-11 vedtek FPL at områdereguleringsplan for Bømoen, planid 2023003, slik det går fram av plankart, føresegner og planomtale datert 16.05.2023, signert 3RW arkitekter as, vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Føringar frå formannsskapet:

1. Området nord for flystripa skal tilpassast drift av flyplassen og luftsportsaktivitet.

2. Som prinsipp bør utviklinga av Bømoen basera seg på utvikling av område som allereie er bygd ned, før ein tek nye urørte område.

3. Områda NÆR1 og NÆR2 må vurderast ut av planen for å ivareta luftsportsinteressene, skogen sin støydempende effekt og Voss sitt behov for friområde.

4. Innanfor område KBA7 må det vurderast regulert til aktivitet som er flyplassrelatert.

5. Bømoen flyplass må vera tilrettelagt for helikopterflyging med tanke på beredskap og transportoppdrag.

## **65/23 VossaROS 2023**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Heradstyret vedtek VossaROS 2023 slik som den ligg føre i vedlegg i saka.

### **Vedtak som innstilling frå Utval for klima og miljø, 06.06.2023 - 28/23**

Heradstyret vedtek VossaROS 2023 slik som den ligg føre i vedlegg i saka.

Saksordførar: Marit Wæhle

### **Utval for klima og miljø 06.06.2023**

#### **Handsaming**

Framlegg frå rådmannen vart samrøystes vedteke

Framlegg frå utvalet: Saksordførar Marit Wæhle

### **UKM - 28/23 Vedtak**

Heradstyret vedtek VossaROS 2023 slik som den ligg føre i vedlegg i saka.

Saksordførar: Marit Wæhle

### **Formannskapet, Plan og økonomi 08.06.2023**

#### **Handsaming**

Samrøystes vedteke.

### **FPL - 65/23 Vedtak**

Heradstyret vedtek VossaROS 2023 slik som den ligg føre i vedlegg i saka.

## 66/23 Flaumhandtering Vossavassdraget\_ vegen vidare

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Rådmannen har oppretta ei stilling i administrasjonen til arbeidet med flaumsikring. Kostnader knytt til dette arbeidet vert innarbeidd i neste tertialrapport.
2. Rådmannen skal arbeida aktivt med tiltak for flaumsikring av Vossavassdraget og betra beredskapen knytt til flaumhendingar. Rådmannen får fullmakt til å arbeida vidare med flaumsikringsarbeidet etter vedlagt *"Tiltaksplan flaum Vossavassdraget"*.
3. Voss herad ber NVE snarast mogeleg ferdigstillast arbeidet med utgreiingar av mogelegheit for etablering av lokale tiltak med murar, vollar, mobile flaumvern og pumpestasjonar rundt Voss sentrum.
4. Moglege løysingar for flaumhandtering i Evanger sentrum må kartleggjast og tiltaksplan for avbøtande må utarbeidast.
5. Voss herad må ta initiativ til ein overordna diskusjon om realismen i dei ulike føreslåtte flaumsikringstiltaka for Vossavassdraget presentert i mogelegheitstudiet (Multiconsult, 2016) og Forprosjektet (Sweco 2020).

### Formannskapet, Plan og økonomi 08.06.2023

#### Handsaming

Utviding av punkt 3 i adm sitt framlegg, foreslått av Iril Kirstine Schau Johansen, Høgre

Leggja til "tilbakeslagsventilar knytt til dreneringskummer" i opprømsinga av moglege tiltak.

Formannskapet røysta over Iril S. Johansen, H, sitt framlegg, samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### FPL - 66/23 Vedtak

1. Rådmannen har oppretta ei stilling i administrasjonen til arbeidet med flaumsikring. Kostnader knytt til dette arbeidet vert innarbeidd i neste tertialrapport.
2. Rådmannen skal arbeida aktivt med tiltak for flaumsikring av Vossavassdraget og betra beredskapen knytt til flaumhendingar. Rådmannen får fullmakt til å arbeida vidare med flaumsikringsarbeidet etter vedlagt *"Tiltaksplan flaum Vossavassdraget"*.
3. Voss herad ber NVE snarast mogeleg ferdigstillast arbeidet med utgreiingar av mogelegheit for etablering av lokale tiltak med murar, vollar, mobile flaumvern og pumpestasjonar rundt Voss sentrum.

4. Moglege løysingar for flaumhandtering i Evanger sentrum må kartleggjast og tiltaksplan for avbøtande må utarbeidast.
5. Voss herad må ta initiativ til ein overordna diskusjon om realismen i dei ulike føreslåtte flaumsikringstiltaka for Vossovassdraget presentert i moglegheitstudiet (Multiconsult, 2016) og Forprosjektet (Sweco 2020).

Leggja til "tilbakeslagsventilar knytt til dreneringskummer" i oppramsinga av moglege tiltak.

Saksordførar: Hans-Erik Ringkjøb

## **67/23 Samlesak for delegerte saker**

Dei delegerte vedtaka vert tatt til orientering.

**Formannskapet, Plan og økonomi 08.06.2023**

### **Handsaming**

Samrøystes vedteke

### **FPL - 67/23 Vedtak**

Dei delegerte vedtaka vert tatt til orientering.

## **68/23 Detaljreguleringsplan for del av Haugo, gbnr 193/2 - søknad om oppstart**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje opna for utvikling av bustader på dyrka mark på del av Haugo, gbnr 193/2. Med bakgrunn i nasjonale, regionale og lokale føringar knytt til jordvern vert planarbeidet avslutta. Ved rullering av kommuneplanen skal arealet tilbakeførast til LNF-føremål.

**Formannskapet, Plan og økonomi 27.04.2023**

### **Handsaming**

Hans-Erik Ringkjøb (Ap) orienterte om innspel frå tiltakshavar med førespurnad om utsetjing av saka og bede om synfaring.

Formannskapet var samde om å utsetje saka og ber rådmannen om å leggje tilrette for synfaring på Haugo, og andre tilsvarende areal i sentrumsområdet.

#### **FPL - 41/23 Vedtak**

Saka vert utsett og formannskapet ber rådmannen om å leggje tilrette for synfaring på Haugo, og andre tilsvarende areal i sentrumsområdet.

#### **Formannskapet, Plan og økonomi 08.06.2023**

#### **Handsaming**

Nytt framlegg, foreslått av Hans-Erik Ringkjøb, Arbeiderpartiet

Saka vert utsett og det vert gjort ei vurdering av området i samband med ei samla vurdering av liknande område innan sentrumsgrensa for utbygging som del av rulleringa av kommuneplanen sin arealdel.

Formannskapet røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak opp mot nytt framlegg frå Hans-Erik Ringkjøb, Ap.

Hans-Erik Ringkjøb, Ap sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **FPL - 68/23 Vedtak**

Saka vert utsett og det vert gjort ei vurdering av området i samband med ei samla vurdering av liknande område innan sentrumsgrensa for utbygging som del av rulleringa av kommuneplanen sin arealdel.

### **69/23 Samfinansiering ny Bavallsveg**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Avtalen mellom Voss Resort AS og Voss herad vert godkjent slik han ligg føre.  
Framlegg til avtale med Vestland fylkeskommune kan godkjennast slik han ligg føre.

Inhabile	Varamedlem	Merknad
Hilde Marie Magnusson	Björg Djukastein	

## **Handsaming**

Utsetjing, foreslått av Iiril Kirstine Schau Johansen, Høgre

Saka vert utsett. Det vert gjort ei kort, fagleg vurdering av dei ulike alternativa som er komne opp frå ulike hald den siste tida, før saka kjem attende til politisk handsaming.

Hilde Magnusson, Ap, bad om vurdering av habilitet då ho er nære ven med leiar i Voss resort, Øyvind Wæhle.

Rådmannen si vurdering er at ho er ugild jamfør fvl §6, 2. ledd – «andre særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til din upartiskhet» då ein nær ven kan få ein «særlig fordel eller ulempe» som resultat av utfallet i saka.

Formannskapet røysta over spørsmålet og fann Hilde Magnussen ugild. Bjørg Djukastein, Ap tok sete i saka.

Formannskapet røysta over Iiril S. Johansen, H, sitt framlegg om å utsetja saka. Framlegget fall mot 2 røyster, Iiril S. Johansen, H og Arnfinn Gjerdåker, SV.

Formannskapet røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak, vedteke mot 2 røyster, Arnfinn Gjerdåker, SV og Sveinung Klyve, Mdg.

## **FPL - 69/23 Vedtak**

Avtalen mellom Voss Resort AS og Voss herad vert godkjent slik han ligg føre.

Framlegg til avtale med Vestland fylkeskommune kan godkjennast slik han ligg føre.